

Ta gjerne kontakt med vaksenleiarane:

Ingrid H Tønnessen, hovudleiar: 48031200 / ingrid2@kfuk-kfum

Sigrid Djukastein Mala, ungdomsdiakon. Hovudansvar for nattcafé,
Torsdagsklubb og diakoni. Tlf 47849134.

Rønnaug Eng Skjeldal, kateket og konfirmantsjef: 95262025

Morten Hem: 91184610

Kjersti Brakestad Boge, prest: 95262022

Constanze Bûrger: 45235532



Kjære Refleks-føresette!

Me er allereie godt i gang med eit nytt Refleks-semester. Me er glade for at mange nye har funne vegen hit, og for at mange av dei «gamle» framleis er med – eg trur dette vert eit strålande haust-semester!

For det fyrste: For at også de foreldre skal vite kva som skjer i Refleks, ynskjer me å invitere dykk til **FORELDREMØTE TORSDAG 8. SEPTEMBER**, kl 20.00 i den fremste salen i Vonheim. Det vert informasjon om aktivitetar, planar og leiarar, og me skal ikkje sjå bort i frå at de både får både høyre og sjå litt av koret.

Kva er Refleks, og kva skjer ein torsdag i Vonheim?

Refleks er eit kristent, kreativt ungdomsarbeid under Noregs KFUK-KFUM, som dei siste åra har hatt rundt 70 aktive medlemmar. Refleks vert driven av ungdommane sjølve under tett vaksenleiaroppfølging. Her skal ungdommane få vere ein del av eit trygt miljø, få uttrykke sin kultur kreativt gjennom musikk, dans og drama og etterkvart få leiaransvar.

Kvar torsdag er det open dør i Vonheim frå skuleslutt til kvelden. Klokka 14 opnar me huset, her det er mogleg å slappe av, gjere lekser og prate saman. Klokka 16.15 dekkar me langbord i Holo – og spis sunn og god middag (kjøpast for 30 kr).

Klokka 18.00 startar sjølve øvinga, og frem til klokka 21 blir det sunge i kor, bandet øver, og det dansast, dramatiserast, skrus på knottar og vert laga noko godt å ete i pausen - alt i grupper leia av dei eldste ungdommane. Etter nokre av øvingane kan dei over 16 år ete kveldsmat på nattcafé i Holo. Refleks vert driven av ungdommane sjølv, og vert leia av eit valt styre, men det er alltid vaksne til stades på øvingar og arrangement i RTS-regi.

Riv av, og ta med på neste RTS-torsdag – gjeld óg dei som har vore medlemmar før!

----- **Ja! Eg vil vere medlem i Refleks!** -----

Navn: _____	Namn på føresett: _____
Adresse _____	Mob. Føresett: _____
Postnr _____	e-post føresett _____
Stad: _____	
Fødselsdato: _____	Kan føresett lage middag ein torsdag? (handle inn, lage mat til 30 ferdig kl 16.15): JA / NEI (sett ring!)
Mobil _____	
e-post: _____	Kan føresett rydde til nattcafe mellom 20.30 og 21.30 ein torsdag? JA / NEI
Hobby / Instrument? _____	

Kva skjer dette året?

Refleks heldt eit høgt aktivitetsnivå, og også dette året har me har mykje på plakaten: me skal laga og øva inn den store framsyninga me skal ha til våren, men me skal òg bruke mykje tid på å berre ha det kjekt saman: i haust skal me reise på haustleir, ha sosialkveldar, laga Ung Messe i Vangskyrkja og vere med på Ljosmesse. Til våren kan me lokke med både vinterfestival, påskeleir, 17.mai-kafé, stor framsyning og reise til TT på Gjøvik.

Foreldredugnad

For å skapa eit godt tilbod til ungdomane treng me hjelp av de føresette til særleg tre ting: me treng hjelp til å lage middag (sjå under!), hjelp til med kaker og hender på 17. mai kafé (RTS sin viktigaste inntektskjelde. Inntekta går til å fornya utstyr og til å sende ungdom på leiarkurs) og til å vere vakt eit par timar når Voss KFUM-KFUM er vertskap for 700 ungdommar på vinterfestival på Voss 10.-12. februar. Me treng også fleire vaksne i miljøet – særleg menn! Ta kontakt med Ingrid om du kunne tenke deg å vere med ungdommane i Refleks på meir fast basis. Eg garanterar at det vil vere inspirerende!

Middag

Me synest det er viktig å starte torsdagen i Vonheim med eit skikkeleg måltid saman – for å få til dette er me avhengig av hjelp frå dykk foreldre! Kan du bruke eit par timer til å lage mat til flott, svolten ungdom, så får du ein inside-snikkikk på miljøet ungdommen din er ein del av... Kryss av på lappen under, så får du ein telefon frå Ingrid. Me har lister med middagsforslag, og hjelper gjerne med å tenke mengder og slikt.

Middagsklippekort er lurt. Det dekkar 11 middag og kan kjøpast for 300 kr.

Betalast kontant til Ingrid.

Pris og betaling (giro kjem)

Å vere medlem i Refleks kostar:

Medlem (under 26 år) 500 kr

2 søsken 800kr, 3 søsken 1000kr

Konfirmant 300 kr

Familiemedlem i KFUK-KFUM: 200 til Refleks.

Dette gjev òg medlemskap i Norges KFUK-KFUM, rabatt på arrangement, og bladet

Ten Sing heim i postkassa.

Refleks har kontonr. 3480 16 12727

Alle skal kunna vere med i Refleks. Om dette er ein stor inngripen i økonomien dykkar: ta kontakt med ungdomsdiakon Sigridd. Mala

Informasjon:

Me freistar å legge alle lappar som delast ut til ungdomane på www.kfuk-kfum.no/side460. Refleks har også ei side på Facebook der ein vert pepa med informasjon og påminningar.